

Lindås kommune  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

## Tilskotsbrev våren 2017 - Tidleg innsats i skolen gjennom auka lærarinnsats på 1.-4. trinn - Lindås kommune

Statsbudsjettet for 2017 ble vedtatt i Stortinget i desember 2016.

Føremålet med tilskotsordninga «tidleg innsats i skolen gjennom auka lærarinnsats på 1.-4. trinn», kap. 226 post 63, er å setje kommunane i stand til å auke lærartettleiken på 1.-4. trinn.

### Bevilling 2017

Under kap. 226 post 63 i statsbudsjettet for 2017 er løyvinga på 1 296,3 mill. kroner. Av dette gjeld 102,8 mill. kroner stillingar som inngår i forskingsprogrammet LÆREEFFEKT og administrasjon av programmet. Dei resterande 1 193,5 mill. kroner blir fordelt til kommunane og skal finansiere lærarårsverk som skal bidra til å auke lærartettleiken på 1.-4. trinn.

### Fordeling av tilskotsmidlar

Tilskotet til kommunane på 1 193,5 mill. kroner blir fordelt etter grunnskolenøkkelen i inntektssystemet til kommunane. Midlane er øyremarka lærarårsverk til undervisning på 1.-4. trinn. Løyvinga er auka med 460 mill. kroner som følgje av avtalen om budsjettet for 2017 på Stortinget, jf. Innst. 12 S (2016–2017). Dette er ein heilårseffekt. Då midlane blir utbetalt seinare enn 1. januar, og det kan ta tid å auke lærarinnsatsen dersom det er behov for nyttilsetjingar, får kommunane fleksibilitet til å bruke vøreffekten av denne auken (268 mill. kroner) også på andre tiltak som bidreg til auka personalressursar i opplæringa i 2017. Dette kan være midlertidige tiltak, mellom anna tiltak som gjer det mogleg å vidareføre mellombelse tiltak finansiert av eingongstildelinga som glei gjeven hausten 2016. Haustefferen av auken (192 mill. kroner) skal gå til varig auke av lærartettleiken på 1.-4. trinn.

Som følgje av dette blir 925,5 mill. kroner utbetalt til varig styrking mens 268 mill. kroner blir utbetalt til fleksible tiltak. Midlane blir utbetalt medio februar med 7/12 for vårhalvåret, og medio mars med 5/12 for hausthalvåret.

### Tilskot

Tilskotsordninga er budsjettstyrt og løyvinga i statsbudsjettet har difor direkte innverknad på storleiken på tilskot som kan bli utbetalt. Basert på berekningar gjort av Kunnskapsdepartementet gir Utdanningsdirektoratet følgjande tilsegn om tilskot til Lindås kommune i 2017:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Varig styrking til faste stillingar	3218278,00	Jan-Des	—	3 218 278,00
Fleksible midler	931927,00	Jan-Des	—	931 927,00
<b>Totalt:</b>	<b>4150205,00</b>			<b>4 150 205,00</b>

(Tabellen overfor er automatisk generert frå Utdanningsdirektoratets system for berekning og utbetaling av tilskot.)

Beløpet blir utbetalt til Lindås kommune (org.nr. 935084733) kontonummer 32010589311 ultimo januar.

### **Rapportering frå kommunane**

Kommunane skal gjennom ei enkel rapportering til Utdanningsdirektoratet kvart år stadfeste at tilskotsmidlane til varig styrking er brukt til lærarårsverk til undervisning på 1.-4. trinn. Kommunar som ikkje stadfestar at midlane er brukt i tråd med føremålet for ordninga, vil ikkje få tildelt midlar påfølgjande år. Denne rapporteringa skal skje seinast 31. oktober 2017. Utdanningsdirektoratet vil be om ei tilbakemelding frå kommunane om dette.

Midlane til auka personalressurs i 2017, kan kommunane bruke meir fleksibelt. Kommunane skal rapportere til Utdanningsdirektoratet korleis midlane er brukt. Rapporteringa skal skje seinast 15. januar 2018. Utdanningsdirektoratet vil be om ei tilbakemelding frå kommunane om dette.

Tilskotsmottakaren pliktar å melde frå til Utdanningsdirektoratet dersom grunnlaget for tilskotet blir endra eller fell bort.

Tilsegn om tilskot er gitt med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet for budsjettåret 2017.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta etter dei fastsette vilkåra, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos tilskotsmottakar for å kontrollere at tilskotet blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Lindås kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnadene, eller på annan måte har brote vilkåra for tilskotet, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake tilskot eller krevje det tilbake. Ved feil i utrekning eller i utbetaling av tilskotet kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar, eller tilskot kan krevjast betalt tilbake til Utdanningsdirektoratet.

For regelverk og annan informasjon viser vi til Utdanningsdirektoratet si nettside [www.udir.no](http://www.udir.no)

Vennleg helsing

Bjørn Erik Rasmussen  
avdelingsdirektør

Stig Lodve Janbu  
Seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent